

Fylkesmannen i Vestland
Statens hus
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

EIDSMONA - ENDRING AV VILKÅR I UTSLEPPSLØYVET

Endring av mengder avfall ein kan motta og lagre

I samband med kommunesamanslåing, vil Kinn kommune verte del av Nomil. Dette medfører ei betydeleg auke i talet på abonnentar, og mengda med avfall som Nomil skal handtere frå 01.01.2020. Med bakgrunn i mengdene med avfall som er motteke dei siste år, ser ein at ein ikkje vil kunne handtere den auka mengda avfall, innanfor avgrensingane i mengder som noverande utsleppsløyve gjev. Dei siste åra har ein ved fleire høve og opplevd at marknaden ikkje har høve til å ta unna avfall. Ein viser mellom anna til noverande situasjon med manglande omsetnad på plast, og situasjonen for eit par år sidan der levering av trevirke til Sverige stoppa opp. Desse tilhøva er med på å gjere at ein tidvis må lagre større mengder avfall enn det ein sjølv har ynskje om.

Med bakgrunn i dette søker vi om å få endra vilkåra for mengdene med avfall vi kan motta og lagre, i samsvar med tabellen under.

	Noverande løyve		Søknad om endring til	
	Ordinært avfall	Farleg avfall	Ordinært avfall	Farleg avfall
Årleg mengde avfall	20 000 tonn	1 000 tonn	40 000 tonn	2 000 tonn
Maksimalt lagra på anlegget, fast avfall	1 000 tonn	100 tonn	3 000 tonn	150 tonn
Maksimalt lagra på anlegget, flytande avfall	50 m ³	50m ³	75m ³	75m ³


Tilføyning av areal

Nomil er eigar av gnr. 76 bnr. 147, som er ein eigedom som grensar til vårt eksisterande anlegg på gnr.76 bnr. 141, sjå vedlagt kart. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane gjorde i 2018 endringar i utsleppsløyvet til Retura Nomil, som medførte at selskapet har høve til å handtere og lagre meir avfall ein før. Retura Nomil sin aktivitet føregår på vårt anlegg. Den auka mengda avfall som Retura Nomil kan handtere og lagre, kjem i tillegg til mengdene avfall som kjem som resultat av kommunesamanslåing. Med bakgrunn i dette ser ein at arealet ein har til disposisjon er ein avgrensande faktor for drifta vår. Vi ynskjer difor å kunne ta i bruk arealet på 6,6 dekar, på gnr. 76 bnr. 147 til avfallshandtering på same måte som gnr. 76 bnr.141 . Ein legg her til grunn, at før ein tek arealet i bruk må ein få fast dekke, føre avrenning til avløp som er knytt til oljeavskiljar. Vidare kjem ein og til å gjerde inne området, slik at ein kan overhalde krava for adgangskontroll. Og at dei same vilkåra for drift, vil gjelde her som på eksisterande anlegg.

Melding til naboar

Eigarar av naboeigedommar vert skriftleg varsla om søknaden, og er oppmoda om å kome med tilbakemeldingar. Då ein forventar lang handsamingstid for denne søknaden, vel ein å sende denne inn no, og ettersende eventuelle tilbakemeldingar frå naboar.

Med helsing
Nordfjord miljøverk iks




Inge Bent Arnestad
Adm. direktør



Janne Bareksten
Miljøkonsulent

Vedlegg

Utskrift av kart frå Gårdskart for eigedommane gnr. 76 bnr. 141 og gnr. 76 bnr. 147
Kopi av brev sendt til grunneigarar på nabotomter



Målestokk 1:1500 ved A4 liggende utskrift

